

Kultur- og kyrkjedepartementet
postboks 8030 Dep.
0030 Oslo
postmottak@kkd.dep.no

IOGT i Norge

Postboks 8857 Youngstorget
0028 Oslo
Besøksadresse: Torggt. 1
Telefon: 23 21 45 80
Telefaks: 23 21 45 51
E-post: iogt@iogt.no

www.iogt.no

Jnr: 542 Arkiv: 401 ogm 20/10/2006

Høyringsuttale - NOU 2006:15 Frivillighetsregister

IOGT i Norge tillet seg med dette å gje tilbakemelding i samband med høyringa – NOU 2006:15 Frivillighetsregister. Vi er kjend med høyringsprosessen i Frivillighet Norge og gjennom KNIF og sender kopi av denne uttala til dei.

IOGT er ein representant for dei tradisjonelle folkerørslene med eit breitt samfunnsengasjement utover interessene til våre eigne medlemmer. Vi er i denne samanhengen spesielt opptekne av at staten ikkje i for stor grad skal påverke eigenarten til denne type organisasjonar. Vi har derfor konsentrert oss om dette aspektet når det gjeld utgreiinga om frivilligregister, sjølv om det òg kunne vera andre forhold å kommentere.

Eindimensjonal kategorisering av frivillige organisasjonar

Det verste som kan skje ved innføring av eit frivilligregister, er at dette skulle føre til ei einsretting av frivillige organisasjonar. Dette kan skje dersom kriteria for registrering av organisasjonar gjev føringar i retning av utvalde organisasjonsformer.

Det kan diverre sjå ut til at det i NOU 2006:15 Frivillighetsregister, vert lagt opp til nett dette. På side 46 avsnitt to, seier arbeidsgruppa:

"Arbeidsgruppen forutsetter at registreringa skal gjennomføres slik at det bare registrere en kategori virksomhet for hver enhet, i praksis den hovedkategori som enhetens aktivitet befinner seg innenfor. En registrering av flere kategorier kan føre til at enhetene vil legge opp til å registrere en rekke kategorier for sin virksomhet, ut i fra det syn at det kanskje lettere vil kunne gi grunnlag for offentlig støtte, jf. Politikutformingsfunksjonen. Det må anses som uheldig ut fra det syn at registreringen i tilfelle vil kunne "svulme opp" og ikke gi tilstrekkelig presis informasjon om hva slags virksomhet som den enkelte enhet egentlig befatter seg med.

Arbeidsgruppen legger opp til at den enkelte enhet kommer med forslag til kategori basert på John Hopkins-standard, noe som kan innarbeides i et registreringsskjema. Selv om enheten selv kan komme med forslag, jf. foran, er det grunn til å betone at det til syvende og sist er opp til registerføreren å foreta den endelige bedømmelsen av den kategori virksomhet enheten skal registreres under."

Her ser det ut til at det vert ein føresetnad at alle organisasjonar skal måtte definere seg som einsaksorganisasjonar. Forslaget til kategorisering av organisasjonane tvingar mange organisasjonar til å velje eit av sine aktivitetssområde som sitt hovudområde, - sjølv om dei er likestilte arbeidsfelt i organisasjonane. Dette vil fungere som eit direkte inngrep i organisasjonane sine prioriteringar og val av arbeidsområde. Det kan vera grunnar til at staten ønskjer å påverke frivillig sektor, - men det verkar ikkje fornuftig at det skal skje i form av krav til kategorisering av organisasjonane i frivilligregisteret.

Når arbeidsgruppa til overmål hevdar at grunnen til at ein del organisasjonar arbeider på fleire arbeidsområde, - er at dei prøver "å lure staten", - er det urovekkjande. At staten er oppdelt i sine særlege sektorar, - må ikkje føre til at ein krev at frivillige organisasjonar vert forma i dette biletet. Det særeigne for mange organisasjonar, - er at dei vert styrte av ideelle mål og visjonar. Dei konkrete aktivitetsområde og tiltak kan vera breispektra og variere over tid.

Det vert vidare hevda at på grunn av forskning og kategoriseringa i John Hopkins-standarden, - må alle enkeltorganisasjonar inn i ein kategori innafor dette mønsteret. I verste fall er dette fordi denne standarden ikkje har forstått eigenarten til ideelle, frivillige organisasjonar av nordisk folkerørslotype. Ein slik praksis vil verkeleg gje grunnlag utilstrekkeleg og upresis informasjon om kva slag verksemd den enkelte eininga eigentleg driv med.

Det må, og innafor John Hopkins-standarden, kunne gå an å registrere dei enkelte aktivitetsområda til fleirdimensjonale organisasjonar. Å oppfatte Å tvinge slike organisasjonar til å definere eit av fleire likestilte aktivitetsområde som det organisasjonen er og står for, - er rein overkøring og overtramp.

Som døme kan vi nemne at IOGT i Norge, innafor denne standarden, som fråhaldsorganisasjon er definert under kategorien "politiske- og interesseorganisasjonar" eller "civic & advocacy" i engelsk språkdrakt. Sjølv om IOGT òg driv noko politisk arbeid på rusfeltet, driv organisasjonen minst like mykje med førebyggjande tiltak, tilbod for rusmisbrukarar og generell kultur- og lokalsamfunnsutvikling. Dette er arbeidsområde som i større grad høyrer inn under andre grupper i John Hopkins-standarden. Når IOGT i tillegg har freds- og solidaritetsarbeid som arbeidsfelt, vert kategorisering berre under "civic & advocacy" svært innsnevrande og upresist.

Det må, og innafor John Hopkins-standarden, kunne gå an å registrere dei enkelte aktivitetsområda til fleirdimensjonale organisasjonar. Å tvinge slike organisasjonar til å definere eit av fleire likestilte aktivitetsområde som det organisasjonen er og står for, - vil etter vår vurdering vera eit klart overtramp. Vidare vil forskning på desse organisasjonane med utgangspunkt i at dei berre held på innafor det valde aktivitetsområdet, vera svært misvisande.

Venleg helsing

IOGT i Norge



Ole Gunnar Monsen

generalsekretær

Kopi:

Frivillighet Norge, post@frivillighetnorge.no

KNIF, post@knif.no